

## Protokoll frå årsmøte 2015

Styreleiar Jan Henrik Nygård ønskte velkommen til det femte ordinære årsmøte i foreininga si historie. Det var 6 medlemmar tilstade, av totalt 221 registrerte medlemmar. Innkalling til årsmøte er ein månad for sein for sein i henhold til vedtektene, og sakspapira kom først denne veka. Medlemmene gir godkjenning til å gjennomføre årsmøtet som planlagt.

### **Sak 1: Val av ordstyrar**

Jan Henrik Nygård blei føreslått som ordstyrar. Årsmøtet støtta forslaget.

### **Sak 2: Val av referent**

Ingvild Hovland blei føreslått som referent. Årsmøtet støtta forslaget.

### **Sak 3: Val av 2 medlemmar til å signere protokollen**

Magne Hovland og Jan Henrik Nygård blei foreslått. Årsmøtet støtta forslaget.

### **Sak 4: Godkjenning av årsmelding og rekneskap for 2014**

Styreleiar gjennomgikk årsmelding og rekneskap for 2014. Det førelåg ikkje revisorerklæring. Både årsmelding og rekneskap vart godkjend under føresetnad av at revisorerklæring er utan merknader.

### **Sak 5: Styleiar si orientering**

Styreleiar orienterte kort om status for servicebygg og reguleringsarbeide. Viser her til årsrapporten.

### **Sak 6: Medlemskapssaker**

Årsmøtet vedtok å vidareføre dei satsar som gjeld for medlemskap

- Kr 100 for privatpersonar
- Kr 1000 for bedrifter
- Kr 0 for foreiningar

Det vart diskutert korleis ein skal rekruttere fleire medlemmar. Årsmøtet ser det som hensiktsmessig å prioritere dette når servicebygget er planlagt og skal realiserast.

### **Sak 7: Innkomne saker**

Det var ingen innkomne saker.



# PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE 2015

## Sak 8: Val

Følgjande styrerepresentantar stod på val: Ingvild Hovland, Tor Solheim-Olsen, Ane Eliassen og Eivind Nordvik Hauge i tillegg til vara medlemmar.

Valnemda føreslo attval på Ingvild Hovland, Ane Eliassen og Tor Solheim-Olsen. Vidare at Magne Hovland går inn i styret for Eivind Nordevik Hauge. Vararepresentantar Audhild Teigen og Eivind Norevik Hauge. Forslag om at to av styremedlemmene blir valgt for eit år. Enstemmig vedtatt. Ane Eliassen og Ingvild Hovland er valgt for eit år, de resterende valgt for to år.

Det betyr at styret består at følgjande representantar:

- Jan Henrik Nygård
- Ingvild Hovland
- Tor Solheim-Olsen
- Ane Eliassen
- Magne Hovland

Styret konstituerer seg sjølv.

Som valnemnd blei det føreslått attval på Helge Sårheim og Eirik Rostad Ness held fram. Årsmøtet støtta forslaget.

Som revisor blei det føreslått at engasjementet med Kinn Rekneskap held fram. Årsmøtet støtta forslaget.

Florø, 27. mai 2015

  
Ingvild Hovland

Referent

Magne Hovland



Jan Henrik Nygård

